

## Vedtekter

for

### Finnås Kraftlag SA

#### § 1 Namn

Føretaket sitt namn er Finnås Kraftlag SA (Føretaket)

#### § 2 Føremål

Føretaket er eit allmenntilgjengelig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til Føretaket er å

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar,
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- delta i tiltak med allmenntilgjengelige føremål i Føretaket sitt konsesjonsområde, og
- yta gåver til tiltak med allmenntilgjengelige føremål i konsesjonsområde
- eiga aksjane i dotterselskapa Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS

#### § 3 Forretningskontor

Føretaket sitt forretningskontor er i Bømlo kommune.

#### § 4 Medlemsskap

##### 4.1 Generelt

Medlemskapen skal lyda på namn og fødselsdato eller føretaksnummer.

##### 4.2 Medlem kan vera

- Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine,
- Organisasjonar/verksemdar som har aktivitet i konsesjonsområdet, og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.

For eigarar av partar som er erverva før 01.10.2010, gjeld ikkje kravet om å vera folkeregisterført i konsesjonsområdet.

#### 4.3 Sams medlemskap

To eller fleire personar kan ha ein medlemskap saman, jf. Samvirkelova § 19. Dei må i så fall oppnemna ein av dei til å opptre overfor Føretaket.

Når fleire personar har ein medlemskap saman, skal alle førast inn i medlemsregisteret. Det skal gå fram at kvar av dei har medlemskapen saman med andre.

#### 4.4 Når medlemsskap tar til å gjelda

Medlem som tilfredsstillar vilkåra i § 4.2, vert medlem frå det tidspunktet medlemsinnskottet er innbetalt.

#### 4.5 Tvist om retten til å verta medlem

Styret avgjer tvistar om rett til å verta godkjend som medlem i Føretaket.

#### 4.6 Utmelding

Utmelding av Føretaket kan berre skje skriftleg.

#### 4.7 Opphøyr av medlemskap

Dersom ein medlem seier opp medlemskapen, døyrr eller ikkje lenger stettar krava i § 4.2, opphøyrer medlemskapen og medlemsinnskottet vert innløyst.

#### 4.8 Økonomiske konsekvensar av utmelding eller opphøyr av medlemskapen

Ved utmelding og innløysing kan ikkje medlemene krevja etterbetaling (kjøpsutbyte), del i etterbetalingsfond eller renter på medlemsinnskott i året for utmelding eller opphøyr av medlemskapen.

### **§ 5 Medlemsinnskott**

Medlemsinnskottet i Føretaket er kr 300,-.

### **§ 6 Overføring av medlemsskap**

Medlemsskap i Føretaket er personleg og kan ikkje omsetjast eller på andre måtar overførast til andre. Dette gjeld likevel ikkje dersom ein medlem ønskjer å dela medlemsskapet med ein eller fleire personar, jf § 4.3. Det gjeld heller ikkje dersom to eller fleire personar som har felles medlemsskap, ønskjer å overføra denne på ein av dei.

Overtaking av medlemskap i uskift bu vert ikkje rekna som overføring.

### **§ 7 Årsmøte**

#### 7.1 Ordinært årsmøte

Ordinært årsmøte skal heldast kvart år innan 30. juni.

## 7.2 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal heldast dersom

- styret finn det nødvendig eller tenleg, eller
- revisor eller minst ein tidel av medlemene set fram skriftleg krav om slikt møte

Årsmøte skal då innkallast innan ein månad etter at kravet er sett fram.

## 7.3 Innkalling til årsmøte

Ordinært årsmøte skal innkallast i samsvar med §§ 44-47 i Lov om samvirkeføretak.

Innkallingsfristen skal vera minst ei veke.

Ekstraordinært årsmøte skal innkallast på same måten som ordinære årsmøte.

Innkallinga skal klårt syna kva saker årsmøtet skal handsama.

## 7.4 Årsmøtet sitt tilsynsansvar

Ordinært årsmøte skal sjå til at drifta av Føretaket skjer i samsvar med lov, vedtekter og tidlegare årsmøtevedtak.

## 7.5 Andre oppgåver for årsmøtet

Ordinært årsmøte har desse oppgåvene:

- a) Godkjenna årsrekneskap og årsmelding, her medrekna disponering av årsoverskot eller dekking av eventuelt underskot.

Det kan ikkje gjerast vedtak om å avsetja meir til etterbetaling/etterbetalingsfond/forrenting eller gåver til allmenntilgjeldende føremål enn det som styret kjem med framlegg om.

- b) Velja styremedlemer, varamedlemer til styret og styreleiar, velja medlemer til valnemnda og fastsetja godtgjersle til styret og valnemnda.
- c) Tilsetja revisor og fastsetja godtgjersle for denne.
- d) Gjera vedtak i andre saker som styret legg fram for årsmøtet. Framlegg frå andre enn styret må være innkomne til styret seinast 1. januar i det året årsmøtet skal heldast.

## 7.6 Sakshandsaminga på årsmøte

Styret skal på førehand velja møteleiar. Vedkomande treng ikkje vera medlem eller utsending.

Vedtak på årsmøte krev fleirtal av dei avgjevne røystene, dersom anna ikkje er fastsett i lov.

Dersom ingen av dei framlegga det vert røysta over oppnår meir enn halvdelen av dei avgjevne røystene, skal det gjennomførast ny avrøysting mellom dei to framlegga som har fått flest røyster. Dersom røystetalet då står likt, er det framlegget som møteleiaren sluttar seg til å sjå på som vedteke.

Alle medlemene har rett til å møta på årsmøtet, og kvar medlem har ei røyst. Ein medlem kan vera representert ved fullmektig etter eige val, men ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem. Dersom fullmektigen sjølv er medlem, kan vedkomande røysta for både seg sjølv og fullmaktsgjevaren.

#### 7.7 Møtebok

Det skal førast møtebok frå årsmøta. På kvart årsmøte skal to av dei framførte medlemene veljast til å skriva under møteboka samen med møteleiaren.

### § 8 Styre

#### 8.1 Samansetnad og val av styre

Føretaket skal ha eit styre med sju medlemmer og fire varamedlemmer.

Årsmøtet vel seks styremedlemmer og tre varamedlemmer i rekkje. Ein styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Føretaket og selskap som Føretaket eig åleine .

Funksjonstida er to år, likevel slik at tre av dei årsmøtevalde styremedlemene er på val kvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne, vert tre av medlemene valde for to år og tre for eitt år. Dei årsmøtevalde varamedlemene vert valde for eitt år om gongen.

Dersom det ved valet ligg føre framlegg om fleire kandidatar enn kva som skal veljast, skal valet vera skriftleg.

Dersom ingen får meir enn halvdelen av dei avgjevne røystene ved første valomgang, skal det haldast omval mellom dei to som har fått flest røyster. Dersom dei to kandidatane då får like mange røyster, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

I samsvar med § 69 nr 3 i Samvirkelova skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemmer.

Årsmøtet vel styreleiar for eitt år om gongen mellom dei seks medlemsvalde styremedlemene.

Bømlo kommune kan utpeika ein observatør til styret med personleg varamedlem.

Kommunen sin observatør har tale- og framleggsrett i styret.

#### 8.2 Styret sine gjeremål

Styret sine gjeremål er m.a.

- å leia Føretaket i samsvar med vedtektene og vedtak på årsmøtet,
- tilsetja, suspendera, seia opp eller avsetja dagleg leiar, og å fastsetja løn og instruks for vedkomande,
- forvalta og syta for forsvarleg organisering av Føretaket i samsvar med Samvirkelova § 76, nr 1,
- vedta planar, budsjett og retningslinjer for verksemda i samsvar med § 76, nr 2,
- halda seg orientert om økonomien og sjå til at Føretaket, rekneskap og formuesforvaltinga er underlagd tilfredsstillande kontroll, jf Samvirkelova § 76 nr 3,
- setja i verk dei undersøkingar dei finn nødvendige for å kunna utføra oppgåvene sine, jf § 76, nr 4,
- fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Styret skal kvart år, seinast ei veke før årsmøtet, leggja fram årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding til gjennomsyn for medlemene.

Rekneskapen skal følgja kalenderåret og vera i samsvar med god rekneskapskikk.

### 8.3 Møtebok

Det skal førast møtebok over styresakene. Møteboka skal som minimum opplysa om tid og stad, deltakarane, behandlingmåten og styrevedtaka. Det skal gå fram at saksbehandlinga oppfyller krava i Samvirkelova § 86.

Møteboka skal leggjast fram i samband med årsmøtet.

### 8.4 Underskrifter og prokura

To styremedlemer saman bind Føretaket med underskriftene sine. Styret kan gje prokura.

## § 9 Valnemnd

Føretaket skal ha ei valnemnd med 5 medlemer.

Medlemene i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne vert to av medlemene valde for eitt år. Årsmøtet vel leiar.

Valnemnda skal leggja fram for årsmøtet framlegg til styremedlemer, varamedlemer og styreleiar.

Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg, og skal kunngjerast saman med innkalling til ordinært årsmøte.

Årsmøtet skal, etter framlegg frå styret, vedta retningslinjer for arbeidet i valnemnda.

## § 10 Bruk av årsoverskot

Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet i konsernet skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital er oppfylte.

## **§ 11 Etterbetaling/forrenting av andelskapital**

### 11.1 Etterbetaling

Etter vedtak på årsmøte kan det gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemene i Føretaket på grunnlaget av kjøp av tenester frå Føretaket og/eller frå selskap Føretaket eig åleine.

### 11.2 Etterbetalingsfond

Årsmøtet kan gjera vedtak om at det kan etablerast eit etterbetalingsfond.

### 11.3 Renter av medlemsinnskot

Det kan godskrivast renter av medlemsinnskota. Rentesatsen skal fastsetjast av årsmøtet.

### 11.4 Medlemskapkapitalkonti

Styret kan gjera vedtak om at det skal etablerast medlemskapitalkonti i samsvar med § 29 i Samvirkelova.

## **§ 12 Vedtektsendringar**

### 12.1 Vedtektsendringar

Årsmøtet kan med to tredelars fleirtal av dei avgjevne røystene gjera vedtak om å endre vedtektene. For å vera gyldige må vedtektsendringar vedtakast av to årsmøte som også kan vera ekstraordinære årsmøte.

Føretaket kan ikkje selja aksjar i Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS utan å ha innhenta godkjenning frå årsmøtet og vedtak om endring av vedtektenes § 2.

Føretaket skal berre stemme for forslag om vedtektsendringar i dotterselskap, andre avgjersler som krev kvalifisert fleirtal på generalforsamling i vedkommande dotterselskap eller sal av vesentlege aktiva i eit eller fleire dotterselskap, dersom forslaget først er vedteke på årsmøte i Føretaket med det same fleirtal som ville vært nødvendig for å vedta tilsvarande forslag i Føretaket. Dersom slik godkjenning ikkje finnast skal Føretaket stemme mot slike forslag på generalforsamlingar i dotterselskap.

### 12.2 Vesentlege vedtektsendringar

Vedtektsendringar som inneber

- vesentlege endringar av føremålsparagrafen,

- meir tyngjande hefteregjar for medlemane,
- skjerpning av plikta til å gjera innskot i føretaket,
- avgrensing av retten til å gå ut av føretaket

krev tilslutnad frå minst fire femdelar av dei avgjevne røystene (Samvirkelova § 54, nr 2) på to etterfølgjande ordinære årsmøte.

### **§ 13 Oppløysing**

Føretaket kan oppløysast gjennom vedtak med fire femdelars fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte.

Dersom det vert gjort vedtak om å oppløysa Føretaket, vert all overskytande kapital – etter at medlemskapitalkonti er oppgjorde – overført til ein allmennyttig stiftelse. Stiftelsen skal opprettast i samsvar med Stiftelseslova, og ha som føremål å fremja allmennyttige tiltak i konsesjonsområdet.

Vedtekter for stiftelsen skal fastsetjast av årsmøte i Føretaket.

### **§ 14 Overgangsreglar**

I tilknytning til vedtak om endring av vedtekter skal det gjennomførast ein fondsemisjon. Emisjonen vert gjennomført ved at dei tidlegare partane i Føretaket vert oppskrivne tilsvarande ei årleg forrenting på 4,35% frå kjøpstidspunkt og fram til 31.12.2010.

Frå den summen dei tidlegare partieigarane på denne måte får til gode, skal det setjast til side kr 300,- som skal reknast som medlemsinnskot. Resten av summen skal utbetalast til dei tidlegare partieigarane.

Parteigarar som ikkje får godskrive kr 300,- må betala inn det som manglar som medlemspengar.

Utover dette gjeld Lov om samvirkeføretak (Samvirkelova) LOV-2007-06-29-81